



MERKNADER TIL

KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL VOLDA KOMMUNE

Kommunestyret handsama høyringsframlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel for Volda kommune 2022-2034 i møte 16.06.22, sak 31/22. I samsvar med plan- og bygningslova § 11-14 vart planframlegget lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Dette dokumentet inneheld utdrag frå innkomne merknader, med kommunen sine kommentarar. Dokumentet inneheld lenker til kvart einiskild merknad, der ein kan lese breva i sin heilskap.

Volda kommune takkar for alle innkomne merknader.

Oversikt innkomne merknader:

1	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	s. 2	Lenke til merknad: DokumentID 22/17406
2	Møre og Romsdal fylkeskommune	s. 3	Lenke til merknad: DokumentID: 22/16544
3	Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	s. 4	Lenke til merknad: DokumentID: 22/16943
4	Direktoratet for mineralforvaltning	s. 4	Lenke til merknad: DokumentID: 22/15906
5	Kystverket	s. 4	Lenke til merknad: DokumentID 22/15628
6	Statens vegvesen	s. 5	Lenke til merknad: DokumentID 22/16433
7	Mattilsynet	s. 5	Lenke til merknad: DokumentID: 22/16762
8	Stryn kommune	s. 6	Lenke til merknad: DokumentID: 22/16459
9	Tenesteutval for helse og omsorg	s. 6	Lenke til merknad: DokumentID: 21/17773
10	Tenesteutval for oppvekst og kultur	s. 6	Lenke til merknad: DokumentID 22/17546
11	Råd for personar med funksjonsnedsetting	s. 6	Lenke til merknad: DokumentID: 22/16547
12	Volda eldreråd	s. 7	Lenke til merknad: DokumentID: 22/16541
13	Hornindal grendeutval	s. 7	Lenke til merknad: DokumentID: 22/16504
14	Landbrukskontoret Ørsta Volda	s. 8	Lenke til merknad: DokumentID: 22/16309
15	Volda MDG	s. 8	Lenke til merknad: DokumentID: 22/16558
16	Naturvernforbundet i Ørsta og Volda	s. 9	Lenke til merknad: DokumentID: 22/16557
17	Kommunestyret	s. 9	Lenke til merknad: DokumentID: 22/10241

Utdrag høyringsmerknad:

Merknad frå Statsforvaltaren inneheld kommentarar knytt til ein rekkje tema, t.d. kommuneøkonomi, barn og unge, folkehelse, helse og omsorg, samfunnstryggleik og klimatilpassing. Sjå lenke over for å lese meir. Eit utdrag er referert her:

- Statsforvaltaren ser positivt på at «nye» Volda kommune har lagt fram utkast til ein ny samla kommuneplan. Dersom samfunnsdelen skal vere eit viktig lokalpolitisk styringsverktøy, slik plan- og bygningslova og kommunelova legg til grunn, vil dette stille krav om at planen bør vere knytt opp til valperiodane og vedtakast tidleg i perioden.
- Arbeid med kommuneplanens samfunnsdel er eit godt tidspunkt for å følge opp universell utforming av strategiske val som ledd i samfunnsutviklinga i kommunen.
- Vi ser at det vert nemnd ei rekke lover og retningslinjer som legg føringar for kommunal planlegging (pkt 2.2). Vi vil peike på at Lov om sosiale tenester i NAV§§ 1, 12 og 13 ikkje er ein del av denne.
- Arealnøytralitet: Omgrepet arealnøytralitet er oppe til drøfting både i forvaltning, i politikken og i forskingsmiljøa. (...) Å arbeide for arealnøytralitet er i tråd med fleire overordna berekraftmål, og er i stadig sterkare grad ei forventning som blir stilt til kommunar og planleggarar. (...) Etter vår oppfatning kan ein stille spørsmål ved Volda kommune si forståing av omgrepet arealnøytralitet, som kanskje legg lista for lågt med omsyn til å ta i bruk nytt areal til utbygging. Vi ber kommunen om å arbeide meir med temaet og gjerne setje seg høgare mål innanfor dette stadig meir aktuelle planfeltet.
- (...) Kommunen bør ta ein gjennomgang av område sett av til utbygging i dag, men som enno ikkje er tatt i bruk. Er det naturområde som bør bevarast?
- Kommunen bør leite etter ein indikator som kan måle utvikling av sirkulær økonomi, som går meir på ombruk og reparasjon og ikkje berre avfall levert til materialgjenvinning.
- Arealstrategien seier lite om korleis ein skal ta omsyn til karbonrike areal som skog og myr.

Kommunen sin kommentar:

- Universell utforming: I kap. 7 er det teke inn ein ny arealstrategi knytt til universell utforming. I tillegg er det teke inn eit avsnitt knytt til universell utforming i kap. 8.2 Helse i alt vi gjer.
- Lov om sosiale tenester i NAV er no teke inn i kap. 2.2 Nasjonale føringar.
- Arealnøytralitet:
Som statsforvaltaren peiker på er dette med arealnøytralitet eit omgrep som er oppe til drøfting i både forvaltning, i politikken og i forskingsmiljøa. Arealnøytralitet er ikkje eintydig definert. I arbeidet med formuleringa av denne arealstrategien har Volda kommune vore i kontakt med fleire andre kommunar (m.a. både Nordre Follo og Flakstad kommune som statsforvaltaren nemner), for å høyre kva dei legg i sine definisjonar og om deira erfaringar knytt til korleis dette vert følgt opp i praksis. Det kan vere både utfordrande og komplisert å omsette prinsippet om arealnøytralitet til praksis. Vi har difor lagt vekt på å foreslå ein arealstrategi som ein i praksis skal kunne klare å følge opp, måle og kommunisere. M.a. med bakgrunn i dette har vi valgt å knytte omgrepet til **arealnøytralitet** og ikkje **naturnøytralitet** eller **utslippsnøytralitet**.

Vidare er arealstrategien vi har formulert tydeleg knytt til overordna planlegging, og til kommuneplanen. Det inneber at omgrepet er knytta til arealbruk og arealformål slik dei er vist i arealdelen, ikkje til den reelle situasjonen og kva som faktisk er utbygd. Det betyr at vi, når vi skal revidere arealdelen, må starte med å få ei oversikt over kva og kor mykje areal som er sett av til utbyggingsformål i gjeldande arealdel. Dette arealet vert vårt 0-punkt.

Vidare må vi ta ein gjennomgang av område sett av til utbygging, men som enno ikkje er teke i bruk. Viss vi ynskjer å ta inn nye areal, må gamle, avsette, men unytta utbyggingsareal takas ut. For å følge opp målet må vi, ved neste revisjon av arealdelen, vise til at samla areal sett av til utbyggingsformål i arealdelen ikkje aukar frå forrige rullering, men ligg på 0-punktet (og er arealnøytralt).

Ein slik gjennomgang av område sett av til utbygging men som enno ikkje er teke i bruk må gjerast i forbindelse med neste revidering av arealdelen. Dette er med andre ord ikkje gjennomført enda, og det er difor vanskeleg å svare på om arealstrategien er for lite ambisiøs. Det kan vi fyrst svare på når vi har ei fullstendig oversikt over kor mykje avsette men unytta utbyggingsareal vi faktisk har.

Som Nordre Follo kommune må vi vurdere ubygde byggeområde i kommuneplanen på nytt, og nye framlegg om endring må vurderast opp mot arealnøytralitet. Arealstrategien vår er også tydeleg på at ein må ta ut areal for å ta anna areal inn. Dette vil kunne vere med på å gagne klima og natur i større grad enn tidlegare arealplanrevideringar.

Vi fylgjer med på korleis andre jobbar med dette temaet, men held på arealstrategien slik den er formulert i høyringsutkastet. Ingen endringar i planen.

- Indikator knytt til sirkulær økonomi, ombruk og reparasjon: Vi ynskjer i hovudsak å nytte offentleg statistikk i indikatorane. Ein skulle gjerne kunne hatt andre indikatorar knytt til ombruk og reparasjon, men erfarer at det er vanskeleg å finne relevante indikatorar som er tilgjengeleg på kommunenivå. Vi har ikkje lukkast med å dette.
- I kap. 7 er det teke inn ein ny arealstrategi knytt til karbonrike areal.

Utdrag høyringsmerknad:**Planfaglege merknader**

- Volda presenterer eit solid framlegg til kommuneplanens samfunnsdel. Dokumentet er systematisk oppbygd med føringar, prosess, statistikk/kunnskapsgrunnlag, satsingsområde, indikatorar, arealstrategiar og oppfølging av planen. Vi vil gje honnør for det gode og grundige arbeidet som er gjort, særleg knytt til medverknad overfor mange ulike grupper og kunnskapsgrunnlag. Kap. 8.1 om oppfølging av kommuneplanen kunne kanskje vore drøfta litt vidare.

Samfunns- og næringsutvikling

- Samfunnsplanen burde i større grad ha mål om å knyte studentane fast i lokalsamfunnet, og bruke den ressursen studentane er som samfunnsaktørar.

Tettstadutvikling

- Kommunen skriv at «Volda sentrum har fortettings- og transformasjonspotensiale, og må vidareutviklast til eit attraktivt og særprega sentrum for handel, busetting og aktivitet». For å lukkast med desse måla, må ein ha tydelege strategiar for gjennomføring der tiltak innanfor ulike område dreg i same retning. Livet i sentrum består av folk og folk må ha grunnar til å besøke og opphalde seg i sentrum. Funksjonar som bidreg til at folk oppsøker stader, må derfor lokaliserast i sentrum.
- Ein tydeleg strategi for parkering kan gjere det enklare å samarbeide om ei gradvis utvikling av løysingar og sikre at parkeringspolitikken støttar opp om målsettingane i sentrumsutviklinga.
- Sidan sentrumsutvikling er eit definert satsingsområde for Volda kommune, rår vi til at det vert utarbeide særskilte indikatorar for sentrumsutvikling.

Samferdsel

- Kommunen bør vurdere om det er behov for auka satsing på tilrettelegging for fleire elbilladarar i tettstadene.
- Trafikkstøy er ikkje nemnt i samfunnsdelen slik den ligg føre nå. Vi meiner dette er eit viktig tema.
- Det er ein fordel om trafikktryggingsplanen blir ferdigstilt og lagt til grunn som ein del av kunnskapsgrunnlaget for kommuneplanen sin arealdel.

Kulturvern

- Fylkeskommunen saknar her at kommunen peikar på samanhengar der vern av og omsyn til kulturminne og kulturmiljø er relevante for å oppnå dei strategiske måla som er definerte i samfunnsplanen. (...) Dette gjeld både korleis Volda kommune ser for seg at kulturminne og kulturmiljø skal sikrast i arealplanarbeidet og korleis kulturmiljøvernet kan generere eit attraktivt og vekstkraftig lokalsamfunn, auke livskvalitet og vere ein eksponent for ei grøn omstilling med reduksjon av klimagassutslepp.
- Med god planlegging for ny bruk og rette typar tiltak vil vern gjennom gjenbruk kunne redusere utsleppa av klimagassar. Mål for ombruk og vidare bruk av eksisterande bygningsmasse, kan vere eitt av fleire verkemiddel.

Folkehelse

- Fylkeskommunen ber kommunen vurdere om det kan utarbeidast særskilte indikatorar for tilgang til aktivitets- og friluftsområde og deltaking i frivillige lag og organisjonar.

Vassforvaltning

- Kommunens arealplanlegging er svært viktig for å nå målet om god tilstand i norsk vann. Gjennom arealplanleggingen kan kommunen sette restriksjoner på arealbruken for å ivareta naturmiljøet i og langs vassdrag, innsjøer, fjorder og sjøområder, herunder vannmiljø.
- Grøn omstilling omfattar ikkje berre klima, men også natur og dette bør inngå i den generelle omtalen. Dokumentet legg vekt på naturmiljø, og har gode arealstrategiar for dette. Hovudmålet for Grøn omstilling bør derfor også omtale naturverdiar og ikkje berre klima. Å synleggjere til dømes bruk av naturbaserte løysingar, ivaretaking av verdifull natur, biologisk mangfald og arealnøytralitet tydelegare i delmål vil også understreke kommunens ambisjonar innan grøn omstilling. Indikatorar for Grøn omstilling bør også innehalde noko på natur.

Kommunen sin kommentar:**Samfunns- og næringsutvikling**

- I revidert plan er det teke inn tekst knytt til høgskulen i kap. 5.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn.

Tettstadutvikling

- For å kunne følge opp målsettingane inneheld planen mellom andre arealstrategiar (kap. 7), som vil gje føringar for seinare arealdelar og reguleringsplanar. Arealstrategiane inneheld m.a. strategiar knytt til lokalisering av ulike funksjonar, som t.d.: *"Offentlege regionale funksjonar skal lokaliserast til indre og midtre sentrumssone."* og *"Detaljhandel, hotell, kulturinstitusjonar og andre publikumsretta verksemder skal i hovudsak lokaliserast til indre sentrumssone."*
- Det er teke inn nye indikatorar knytt til sentrumsutvikling (Kap. 6.). Befolkning og tal verksemder i Volda sentrum, saman besøk i folkebibliotek og kino er indikatorar som vil kunne seie noko om utviklinga i sentrum. Ein vil også vurdere å jobbe med eit sentrumsrekneskap i arbeidet med områdereguleringa for Volda sentrum

Samferdsel

- Det er teke inn ein ny arealstrategi knytt til parkering i Volda sentrum (kap. 7.).
- Auka tal elbilar: Kap. 7: inneheld ein arealstrategi knytt til ladepunkt: *"Vi skal sikre moglegheit for ladepunkt ved offentlege bygningar, i sentrum og i lokalsentra."*
- Det er teke inn to nye arealstrategiar knytt til støy (kap. 7).
- Trafikktryggingsplanen til Volda kommune vart godkjent av kommunestyret i juni 2021, og vert lagt til grunn for planar og prioritering av tiltak.

Kulturvern

- Kap. 7: inneheld fleire arealstrategiar knytt til kulturvern, m.a. "Vi skal sikre viktige kulturmiljø og kulturminne, inkludert verdifulle setremiljø" og "Volda sentrum sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelsen og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grønne lungar og sikre eit ope sentrum mot fjorden." Ingen endringar i planen.
- Planprogrammet for områdereguleringa for Volda sentrum inneheld prinsipp og føringar for ombruk av bygningar og bygningsmasse.

Folkehelse

- Etter ei samla vurdering har ein ikkje teke inn indikator knytt til tilgang til aktivitets- og friluftsområde og deltaking i frivillige lag og organisasjonar no, ma. grunna datakvalitet. Det vil vere aktuelt å vurdere det igjen seinare.

Vassforvaltning

- Det er teke inn tekst i kap. 5.3 for å synleggjere målsettingar og arealstrategiar knytt til naturbaserte løysingar, biologisk mangfald og arealnøytralitet.
- Det er teke inn nye indikatorar knytt til natur: Våtmark og økologisk tilstand, overflatevatn (kap.6).

3 NVE – Dokument 21/533-93. Lenke til merknad: [DokumentID: 22/16943](#)

Utdrag høyringsmerknad:

Vi meiner kommunen med dette forslaget legg eit godt grunnlag for samfunnsutviklinga i kommunen med stor vekt på m.a. klimatilpassing/klimamål.

Kommunen sin kommentar:

Ingen endringar i oppdatert plan knytt til merknad frå NVE.

4 Direktoratet for mineralforvaltning – Dokument 21/533-82. Lenke til merknad: [DokumentID: 22/15906](#)

Utdrag høyringsmerknad:

DMF sett pris på at våre merknad blir teke med til arbeid med arealdelen. Vi saknar likevel ei utgreiing i samfunnsdelen om tilgang på og behov for mineralske ressursar i kommunen. I følge driftsrapportering til DMF, har Volda kommune per i dag fem masseuttak i drift. Kommunen bør vurdere om det er tilstrekkeleg tilgang på mineralressursar for planlagt utbygging og utvikling i den komande planperioden. Vi oppmodar om at dagens situasjon rundt registrerte mineralførekomstar, uttak og transportavstandar blir vurdert i samfunnsdelen for å danne eit grunnlag for arealdelen. I den anledning kan vi vise til DMF sin nyleg publiserte levetidsanalyse, som gir oversikt over ressursituasjonen for byggeråstoff i kommunane. Den viser at Volda kommune i lang tid framover har tilgang på grus, og noko mindre tilgang på massar frå fast fjell. Det vil med andre ord seie at kommunen på sikt kan bli avhengig av å hente steinmassar frå andre kommunar. Dette kan vere relevant å gjere greie for i samfunnsdelen.

Kommunen sin kommentar:

- Har i revidert utkast teke inn tekst knytt til mineralressursar i kap. 5.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn.
- I kap. 7 Arealstrategiar er det teke inn ei ny overskrift "massar og mineralressursar". Her er det formulert to arealstrategiar knytt til ma. tilgang på mineralressursar, deponering og sirkulær masseforvaltning.

5 Kystverket – Dokument 21/533-81. Lenke til merknad: [DokumentID 22/15628](#)

Utdrag høyringsmerknad:

- Den framlagde planen er både kompakt og konkret utforma og har eit gjennomgåande systematisk og godt oppsett. Kommuneplanen sin samfunnsdel etablerar gode hovudmål og avleier både karakteristiske og retningsgjevande innsatsområder for 12-årsperioden frem mot 2034.
- Det er mogeleg at kommunen kan styrke innsatsen mot utfordringar knytt til sjøtransport, både med omsyn til gods- og persontrafikk og til etablerte samferdsleløysingar i eit blågrønt perspektiv. Vekstpotensialet i ein fjordkommune ligg mellom anna i kvalitative løysingar til desentraliserte næringsetableringar. Kommunikasjon og infrastruktur kan få ei avgjerande rolle. For ein fjordkommune som Volda, vil det vere tenleg å sjå på sjøvegen som både naturleg og reell transportåre. Det er ønskjeleg at kommunen tek høgde for dette i den strategiske planlegginga og legg føringar for dette inn i samfunnsplanen. Kommunen vil verte styrka dersom ein i samfunnsdelen vurderar sjøområdet i kommunen, som ein verdfull næringsarena.

Kommunen sin kommentar:

- I kap. 5.1.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn er det nå lagt til tekst om at sjøvegen også er ein viktig transportåre. Har også presisert at fjordbruk er ein verdifull næring i og for kommunen.
- Hadde i høyringsutkastet fylgjande arealstrategi i kap. 7: "Vi skal sikre trygge og gode kommunikasjonar i regionen og heile kommunen med mål om ferjefrie fjordkryssingar." Har i revidert versjon lagt til ny arealstrategi knytt til næringsareal: "Nye næringsareal skal vere knytt til hovudvegnettet og traséar for kollektivtransport, eller vere sjønært."
- Har også lagt til ny arealstrategi knytt til transport og infrastruktur: "Vi skal legge til rette for miljøvenleg sjøtransport".

Utdrag høringsmerknad:

- Volda kommune har utarbeida ein samfunnsdel med gode mål og strategiar som samsvarar med nasjonale mål for areal og transportpolitikken.
- Trafikktryggleik: Etter vår vurdering bør kommunen legge vekt på dette meir samt kommunens rolle i trafikktryggingsarbeidet.
- Universell utforming: Vi vil understreke at universell utforming er viktig for å ha eit inkluderande samfunn. Eit universelt utforma transportnett er eit av de overordna måla i Nasjonal transportplan, og eit delmål er at heile reisekjeda skal vere universelt utforma. (...) Nasjonal transportplan framhevar også omsynet til barn og unge i eit eige kap., og legger føringar om at flest mogleg skal kunne sykle og gå til skulen. Dette må skje gjennom planlegging av transportsystema, og det er viktig å vektlegge at universell utforming ikkje bere er til fordel for dei som har behov for slik tilrettelegging, det innbyr også alle til å gå og sykle meir.
- Miljø og klima: Etter vår vurdering bør miljøtemaet knytt til transport løftast meir fram i samfunnsdelen.
- Arealstrategiar: I kap. 7 Arealstrategiar går det fram under temaet Transport og infrastruktur at i Volda sentrum skal mjuke trafikantar prioriterast framfor gods- og persontransporten. Vi er einige i at framkome til mjuke trafikantar skal prioriterast høgt, men vi vil samstundes peike på at prioritering av trafikantgrupper må være ein vurderingssak i kvart einskild tilfelle og ikkje ein generell «regel» i planlegginga. Vi ser det difor som ei betre formulering at «tiltak som fremmar framkome for mjuke trafikantar skal prioriterast i Volda sentrum».

Kommunen sin kommentar:

- I fyrste delmål i kap. 5.3.1 Grøn omstilling står det; "Vi gjer det meir attraktivt å gå, sykle, reise kollektivt og køyre utsleppsfritt." I innleiingsteksten står det at " Å gjere det attraktivt å gå og sykle inneber å utvikle **trygge**, samanhengande, finmaska og attraktive gang- og sykkelveggar". Volda kommune sin trafikktryggingsplan vart vedteke mai 2021 og inneheld konkrete tiltak knytt til trafikktryggingsarbeidet. Kommuneplanen sin handlingsdel og budsjett vil også fylgje opp dei overordna føringane i samfunnsdelen med konkrete tiltak.
- Universell utforming: I kap. 5.2 Livskvalitet og meistring er universell utforming teke med i innleiingsteksten i revidert versjon. I kap. 7 er det teke inn ein ny arealstrategi knytt til universell utforming. I tillegg er det teke inn eit avsnitt knytt til universell utforming i kap. 8.2 Helse i alt vi gjer.
- Miljø og klima: Har teke inn tekst knytt til kollektivtrafikk og lokale miljøforetringar (reduert støy, støv mv.) i kap. 5.3 Grøn omstilling. I områdereguleringene for Volda sentrum som er under arbeid, vil også temaet lokale miljøforbetringar (reduert fartsgrense, parkering, bilfrie soner mv.) vere tema.
- Arealstrategiar: Svv peikar på at prioritering av trafikantgrupper må vere ein vurderingssak i kvart einskild tilfelle og ikkje en generell "regel". For å få til målsettingane våre knytt til grøn omstilling er vi nødt til å prioritere gåande og syklande, og da spesielt i Volda sentrum. Volda kommune viser til Statens vegvesen sin rapport nr. 280 "Lokale gåstrategier og planer for gåande". Vi ynskjer ein fotgjengarvenleg arealplanlegging og by- og tettstadsutvikling. Det betyr i praksis at tiltak i større grad enn tidlegare må rettast mot å prioritere gåande og syklande foran biltransport i Volda sentrum. Arealstrategien er ikkje endra.

Utdrag høringsmerknad:

- Tilfredsstillande kapasitet og kvalitet på drikkevattnet – vårt viktigaste næringsmiddel – gjennom gode rutinar for drift og vedlikehald, samt heilskapleg arealforvaltning, er grunnleggjande for å nå målet om å skape attraktive lokalsamfunn og livskvalitet.
- God beredskap innanfor drikkevassforvaltninga vil også vere eit sentralt tiltak relatert til satsingsområda.
- Nedbørsfelt, kjelde, vasshandsaming og vassleidningsnett kan verte påverka som følge av t.d. auka nedbør og temperatur m.m. Føre-var-prinsippet må her leggjast til grunn i planlegging av framtidige førebyggjande tiltak, for å unngå at klimaendringar får negative konsekvensar for vassforsyninga.

Kommunen sin kommentar:

- I revidert plan har ein lagt inn tekst knytt til drikkevatt og vasskvalitet i kap. 5.2 Livskvalitet og meistring.
- I revidert plan har ein lagt inn tekst knytt til overvatn og naturbaserte løysingar i kap. 5.3 Grøn omstilling.
- I revidert plan har ein i kap. 7 lagt inn nye arealstrategiar under overskrifta "Samfunnstryggleik og klimatilpassing", ma. knytt til overvasshandtering og blågrøn faktor.
- Hovudplan vatn og avløp er under arbeid. Den skal etter planen vere ferdig i løpet av 2022.
- I "Hovudplan for vatn og avløp", som er under arbeid, vil tiltak knytt til vasskvalitet, beredskap mv. konkretiserast nærare.

Utdrag høyringsmerknad:

- Pendling til jobb, utdanning, handel og sørvis har etterkvart gjort at Volda og Stryn har blitt etablert som ein bu-og arbeidsregion som har styrka attraktiviteten til området.
- I lys av dette er det naturleg å sjå samfunnsutviklinga på tvers av kommunegrensene, der tema som næringsutvikling, arealforvaltning og då gjerne på område som kan ha eit «regionalt nedslagsfelt», kultur og fritid, vere døme på utviklingspotensiale på tvers av kommunegrenser.
- Vi etterlyser difor tankar innanfor dei fire satsingsområda, spesielt delmål 5.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn og delmål 5.3 Grøn omstilling, med tilhørande delmål, at ein ser utviklingspotensiale på tvers av kommunegrensene.

Kommunen sin kommentar:

- Samarbeid på tvers av kommunegrenser er ein viktig faktor for å lukkast i arbeidet med å utvikle ein attraktiv bu-, arbeids-, leve- og besøksregion. I kap. 5.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn er dette no presisert. Å auke samarbeidet med Stryn kommune er både naturleg og ynskjeleg, spesielt etter kommunesamanslåing og styrking av kommunikasjonen mellom dei to kommunane.
- I kap. 8.3 står det om Volda kommune som samskapingkommunen. Volda kommune ynsker i større grad å samskape og finne løysingar i fellesskap med andre. Dette er ein måte vi skal jobbe på, på tvers av (og innanfor) alle målsettingane og satsingsområda i planen. I kap. 8.3 er det no presisert at nabokommunar også er ein viktig aktør.

Utdrag høyringsmerknad:

- THO ynskjer at Kommunedelplanen sin samfunnsdel skal vere tilgjengeleg for flest mogleg på nett, og fylgje krav for universell utforming. jamfør EUs webdirektiv (WAD).Nettsida med kommunedelplanen må ha lett tilgjengelege "tekst-til-lyd" synstolking for videoar, og "lett å lese" modus.
- THO ynskjer at flest mogleg skal kunne forstå korleis dei skal lese planen, og ynskjer å ha innleiingsvis ei rettleiing eller "bruksanvisning" på planlesing. Gjerne med eit videoklipp med lyd og bilete som forklarar korleis ein skal lese og forstå planen.
- Tenesteval for helse og omsorg tek kommunedelplanen sin samfunnsdel til vitende.

Kommunen sin kommentar:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel er utarbeidd i verktøyet Framsikt. Kommunen sine redigeringsmoglegheiter i verktøyet er avgrensa, m.a. fordi ein skal sikre at omsyn til universell utforming vert teke i vare. Framsikt seier sjølv at dei kontinuerleg jobber med universell utforming og korleis publiseringssystemet skal vere tilgjengeleg for alle. Dei er også opne på at dei har forbedringspotensiale.
- Tenesteval for helse og omsorg kjem med viktige merknad og merknaden er formidla vidare til Framsikt.

Utdrag høyringsmerknad:

- Meir fokus på tenestene i oppvekstsektoren som samfunnsberarar i 5.1 og 5.2. Disse institusjonane er nøkkelfaktorar for attraktive lokalsamfunn og livskvalitet og meistring.

Kommunen sin kommentar:

- I revidert versjon er det teke inn tekst knytt til barnehagar og skular i kap. 5.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn.
- I revidert versjon er det teke inn avsnitt knytt til barnehagar, skular og SFO i kap. 5.2 Livskvalitet og meistring.

Utdrag høyringsmerknad:

Rådet ynskjer at planen må ha eit overordna fokus på universell utforming, tilgjengelegheit må vere eit berande prinsipp i planen.

Kommunen sin kommentar:

- I kap. 5.2 Livskvalitet og meistring er universell utforming teke med i innleiingsteksten i revidert versjon.
- I kap. 7: Arealstrategiar er arealstrategien knytt til universell utforming omskreve og flytta øvst, for å synleg- og tydeleggjere at universell utforming er eit førande prinsipp.
- Kap. 8.2 Helse i alt vi gjer: Her står det frå før mellom andre at folkehelse skal vere eit overordna og førande prinsipp for heile planen. I revidert versjon er det her teke inn eit eiga avsnitt om universell utforming.

Utdrag høyringsmerknad:

- På det heilt overordna planet er det tydeleg kva som er utfordringane i tida som kjem. Det er omsorga for ei veksande eldregruppe, det grøne skiftet, kvalitet i helseomsorga osv.
- Når ein kjem under dei store overordna temaa, blir det meir uklart kvar planen vil at Voldasamfunnet skal gå vidare. Pålegget er at dei ulike kommunale etatane skal konkretisere desse kommunedelplanane i sitt vidare planarbeid, det er slett ikkje klart at slik planen ligg føre no gir etatane særleg hjelp i deira prioriteringar. Denne utsegna er karakteristisk for mykje av dette planverket. Der er lite konkrete saksopplysningar om kva som er tilstanden og utfordringane, nesten ingen dilemma ein må ta standpunkt til, alternativ ein må velje mellom, lite sjølvkritikk og uklare prioriteringar.
- Mange av forslaga er ideelle for ikkje å seie urealistiske, dei er mange, ukritiske med høge og truleg uopnåelege ambisjonar og gir ikkje noko godt grunnlag for prioriteringar.

Kommunen sin kommentar:

- Jf. merknad frå Statsforvaltaren er det i større grad no enn tidlegare eit ynskje om at kommunane skal rullere samfunnsdelen kvar valperiode, første året etter valet. Viss ein får til ein slik syklus med rulling av samfunnsdelen kvart fjerde år vil samfunnsdelen i større grad kunne fungere som eit politisk styringsdokument for valperioden. Da ville ein turleg lettare kunne synleggjere kommunestyret sine prioriteringar.
- Det er lagt vekt på at planen skal ha ein god og synleg kopling til økonomiplan og årsbudsjett. Dette har ein fått til no i større grad enn ein har lukkast med tidlegare.
- Administrasjonen tek elles merknad frå eldrerådet til vitande.

Utdrag høyringsmerknad:

- Hornindal Grendeutval ønskjer at Samfunnsdelen av Kommuneplanen for Volda kommune 2022 – 2034 skal stadfeste og forsterke målsettinga om at Grodås skal vere sentrum i indre deler av Volda kommune og at ein skal vidareutvikle og satse på eit desentralisert tilbod av kommunale tenester. Det gjeld alle kommunale tenester og særleg gjeld dette for basisområda oppvekst, helse og omsorg.
- Hornindal Grendeutval ber om at ein er tydelegare på kva som er Volda og Hornindal gjennomgåande i planen. Det som er felles er Volda kommune, det som er lokalisert i Volda heiter Volda og det som er lokalisert i Hornindal heiter Hornindal.

5.1.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn:

- *Vi legg til rette for næringsutvikling og er ein attraktiv lokaliseringsstad for ulike type bedrifter og organisasjonar og offentlege verksemdar.* Hornindal grendeutval kjem med fem konkrete punkt knytt til delmålet: fv 60, reguleringsplan for Grodås sentrum, Smia, kommunale tenester og Hornindalsvassdraget.
- Volda sentrum og Grodås sentrum skal vere to attraktive og særprega sentrum for handel, busetting og aktivitet.

5.2.1 Livskvalitet og meistring og 5.3.1 Grøn omstilling: merknad og kommentarar til hovudmål og delmål, inkludert tiltak ein bør satse på for å nå måla.

Kommunen sin kommentar:

- I samfunnsdelen er Volda sentrum definert som hovudsenter, medan Grodås, Mork-Furene, Folkestad og Lauvstad/ Dravlaus er definert som lokalsentra. Kap. 7 inneheld arealstrategiar knytt til hovudsenteret og lokalsentra. Arealstrategiane legg føringar for plassering av ulike funksjonar.
- Generelt i planen: Har presisert kva som er Volda, Hornindal eller Volda kommune.
- Kva planar som skal prioriterast når kjem fram av kommunal planstrategi (2020-2024), og ein har ikkje teke inn omtale av ulike planar i samfunnsdelen. Reguleringsplanen for Grodås sentrum er med i planstrategien, og er under arbeid. Utvikling av Grodås sentrum er eit viktig formål og tema i denne planen. Plan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget er også omtala i planstrategien.
- I kap. 5.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn har ein i revidert plan lagt inn tekst knytt til større vegprosjekt, fv 60 Tomasgard og Røyryhus bru (kap. 5.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn).
- Volda sentrum er prioritert i eit av delmåla i kap. 5.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn da dette er hovudsenteret i kommunen.
- Innspela frå Hornindal grendeutval inneheld ei rekkje gode, konkrete tiltak for å nå dei ulike målsettingane. Samfunnsdelen inneheld ikkje konkrete tiltak, men framlegg til tiltak vert sett i samheng med oppfølging av planen og vidare arbeid. Høyringsbrevet frå Hornindal grendeutval er difor også vidareformidla internt i administrasjonen.

Utdrag høyringsmerknad:

- 2.2 Nasjonale føringar. Andre nasjonale føringar. Jordbruksoppgjøret 2021. Prop. 200 S (2020–2021) kan med fordel byttast ut med Jordbruksoppgjøret 2022. Prop. 120 S (2021-2022).
- 2.3 Regionale føringar. Her kan ein kanskje ta med Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023 – 2026 som er under utarbeiding?
- 4.3 Klima – kunnskapsgrunnlag: Avsnittet under er rekna på av skogbruksansvarleg, og vi har ikkje merknad til teksten: Skog og arealbruk spelar ei viktig rolle for klima, og kan gje både utslepp og opptak av klimagassar. Skog, utmark, vatn, myr og beite står for opptak av 62 237 CO₂-ekvivalentar i Volda kommune. Frå 2010-2015 gjekk netto opptak ned med 20 %. Utbygging (og avskoging) og drenering av myr er døme på tiltak som reduserer opptak av klimagassar.
- 5.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn, 5. avsnitt: I tillegg til krigen i Ukraina bør ein ta med klimasisituasjonen i Europa. (...)Varmebølgjer og tørke vil påverke kva varer vi kan vente å få importere, og at vi må vere budd på å auke sjølvforsyninga vår og stimulere til større og meir variert lokal produksjon.
- 5.3 Grøn omstilling. Bør ha med noko om bioenergi.
- 6. Indikatorar - Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn: Her kan ein ta med at tal aktive jordbruksføretak er ein indikator på om det vert satsa i næringa, at det er attraktivt å bu og utvikle seg på bygdene.
- 6. Indikatorar – Grøn omstilling. Innan landbruket har ein omlegging til økologisk landbruk, og omlegging til driftsmetodar som gjev mindre klimagassutslepp. Behov for omlegging til meir lokal produksjon av varer som vi i dag «eksporterer», t.d. frukt og grønsaker.
- 7. Arealstrategiar. Under Næringsareal høyrer kanskje og jordbruksareala?

Kommunen sin kommentar:

- 2.2 Nasjonale føringar: Lenke og henvisning til jordbruksoppgjøret er oppdatert.
- 2.3 Regionale føringar: Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal er no teke med.
- 4.3 Klima: ingen endringar i planen.
- 5.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn: Har supplert med tekst knytt til klimaendringar og variert lokal matproduksjon.
- 5.3 Grøn omstilling: Biogass er no nemnt i teksten.
- 6 Indikatorar: Har teke inn indikator knytt til jordbruksareal i drift.
- 6. Indikatorar: Ein har ikkje luktast med å finne gode indikatorar knytt til lokal matproduksjon. Det kan vere aktuelt å ta inn det ved eit seinare høve.
- 7. Arealstrategiar: I revidert plan er overskriftene noko endra, det er ma. sett inn ei ny overskrift "Nærings- og produksjonsareal". Arealstrategiar knytt til dyrka mark er flytta hit.

Utdrag høyringsmerknad:

- Kap. 2 - Rammer og føringar: Her bør ein få inn "Lov om forvaltning av naturens mangfold" (naturmangfoldloven). Denne er relevant i samband med bærekraftsperspektivet som førande prinsipp i samfunnsplanen.
- Kap. 4 - Utviklingstrekk. Naturtap/vern av natur bør få ein tydelegare plass i kap.et. Viser til: 4.1"Resultat frå spørjeundersøkinga "Folkestemma", medverknadsprosess 2022." som syner at natur er ein av dei viktigaste trivselsindikatorane i Volda kommune og 5.1.1 - Delmål 3: Vi utviklar kommunen til ein særeigen reiselivsdestinasjon, bygd på identitet, natur og autentiske opplevingar.
- Kap. 5 - Satsingsområde. Saknar tydelegare formulering om mangfald og integrering.
- Kap. 6 - Indikatorar <https://www.artsdatabanken.no/> bør inn på lista over "Aktuelle kjelder til statistikk/data:"

Kommunen sin kommentar:

- I kap. 2.2 Nasjonale føringar står naturmangfaldlova i tredje kulepunkt under overskrifta "Andre nasjonale føringar".Ingen endringar.
- Kap. 4: Det er teke inn tekst knytt til tap av natur i kap. 4.3 Klima - kunnskapsgrunnlag.
- Kap. 5: I delmåla står det at vi skal vidareutvikle tenester og lokalsamfunn slik at fleire opplever meistring og fellesskap. Det står også at vi gjennom samskaping og samarbeide skal legge til rette for brei deltaking, sterke fellesskap og inkluderande lokalsamfunn. Å legge til rette for mangfald og integrering er ein viktig del av arbeidet for å nå desse målsettingane. Dette er nå presisert i innleiingsteksten i kap. 5.2.
- Kap. 6: Det er teke inn nye indikatorar knytt til natur: våtmark og økologisk tilstand av overflatevatn.

Utdrag høyringsmerknad:

- Volda kommune bør verte arealnøytral. (...) Ingen nydyrking eller utbygging av myr bør gjennomførast, og heller ikkje utbygging jordbruksareal.
- Kommunen bør ha fokus på grønstruktur i arealplanlegging og å ta vare på nærnatur.
- Kommunen bør kartlegge naturtypar og sikre verdifulle naturtypar gjennom eigne reguleringsplanar.
- Kommunen bør kartlegge marin natur, slik at ein unngår å nytte verdifulle havområde til oppdrett eller andre næringar.

Kommunen sin kommentar:

- Arealnøytral: Volda kommune ynskjer å verte arealnøytral, dette går fram av ein av arealstrategiane i kap. 7. Ingen endring i arealstrategien, men ein har teke inn ein tekst i kap. 5.3 Grøn omstilling for å framheve dette.
- Utbygging jordbruksareal: Kap. 7 inneheld også ein arealstrategi knytt til dyrka og dyrkbar mark. Arealstrategien har m.a. vore drøfta fleire gongar med TFU og formannskapet. Ingen endring knytt til dette.
- Nydyrking eller utbygging av myr: I revidert plan er det teke inn ein ny arealstrategi i kap. 7 knytt til karbonrike areal. Dette med bakgrunn i merknad også frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- Nærnatur: Kap. 7 inneheld overordna arealstrategiar knytt til viktige natur- og friluftslivsområde, verdifulle naturtyper og biologisk mangfald. Konkrete nærturområde må sikrast i arealdelen. Fleire av områda naturvernforbundet nemner er sikra i kommunedelplanen for tidlegare Volda kommune med omsynssoner og/eller arealformål. Fleire av områda er også innanfor områdereguleringa for Volda sentrum. Planprogrammet for områdereguleringa vart lagt ut til offentleg ettersyn i oktober 2022.
- Eigne reguleringsplanar/andre planar: Kva reguleringsplanar kommunen skal utarbeide/jobbe med, vert ikkje bestemt i samfunnsdelen, men i planstrategien. Planstrategien skal utarbeidast innan eit år etter kvart kommunestyreval. Dersom ein har merknad til konkrete reguleringsplanar (eller andre planar) som bør utarbeidast oppmodar vi om å sende merknad om dette når planstrategien er på høyring. Kva planar som er prioritert i gjeldande periode kan ein lese i [planstrategien for 2020-2024](#).
- Marin natur: Det er ynskje om å lage ein ny plan for akvakultur for å styre utviklinga av akvakulturnæringa i kommunen, og sikre areal- og interessekonfliktar. Kartlegging av marin natur kan vere eit aktuelt tema her. Planlagt oppstart jamfør gjeldande planstrategi er i 2022. Arbeidet har per dags dato ikkje starta opp.
- Andre innspel knytt til m.a. økonomisk støtte vert ikkje omhandla i samfunnsdelen, men innspela er vidareformidla internt i organisasjonen.

Utdrag merknad:

Da samfunnsdelen vart lagt ut på høyring av kommunestyret vart det fremma framlegg om å endre enkelte punkt i planen. Framlegga vart trekt, men med ynskje om at framlegga vart vurdert av administrasjonen i høyringa.

- Ynskjer nokre justeringar i framlegget. Kap. 7 - Arealstrategiar: Vi skal sikre areal til og videreutvikle overnattingstilbodet i Volda sentrum, Grodås og Bjørke og legge til rette for (=tatt ut «hytte» og) småskala reiselivsutbygging (=tatt ut i «heile kommunen»).
- Kap. 7 - Arealstrategiar: I Hjørundfjorden skal naturverdiar, friluftsliv og småskala grøn turisme prioriterast (=lita endring i rekkefokke og ordlyd her).
- Framlegg til nytt delmål under satsingsområde vekstkraft og attraktive lokalsamfunn: Vi legg til rette for attraktive lokalsamfunn og busetnad gjennom gode offentlege tenester som skular og barnehagar og helsetenester.

Kommunen sin kommentar:

- Kap. 7 - Arealstrategiar: Formulering knytt til arealstrategi reiseliv er noko endra.
- Kap. 7 - Arealstrategiar: Formulering knytt til arealstrategi om Hjørundfjorden er noko endra.
- Har teke inn tekst knytt til barnehagar og skular i kap. 5.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn.